

Tiltaksstrategiar 2017 – 2020

Årdal – Lærdal - Aurland



Spesielle miljøtiltak i jordbruket
Nærings og miljøtiltak i skogbruket
Felles landbrukskontor ÅLA

Føreord

SMIL og NMSK Spesielle miljøverkemiddel i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket har vore forvalta og handsama i kommunen sia St.meld.Nr 19. Som grunnlag for tildeling av midlar, må kommunen utarbeida ein fleirårig tiltaksstrategi.

Landbruksforvaltninga i Årdal – Lærdal – Aurland har utarbeida tiltaksstrategi for desse tre kommunane.

Årdal: 30.03.2017

Lærdal: 30.03.2017

Aurland: 06.04.2017



Arild Ingar Sæviid
Årdal kommune



Lærdal kommune



Dom Distef
Aurland kommune



Seal of Lærdal Kommune, featuring a blue circular border with the text "LÆRDAL KOMMUNE" and "ORDFØRAREN" around a central shield.

Innhald

Føreord	1
1 Innleiing.....	3
2 Prosess og lokal forankring	3
3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket i Årdal, Lærdal og Aurland	3
3.1 Viktige utfordringar	3
3.2 Aktuelle tiltak	4
3.3 Mål og prioriteringar	4
4 Kommunal sakshandsaming	4
4.1 Vedtaksmynde	4
4.2 Søknadsfrist	4
4.3 Tilskotsnivå	4
4.4 Søknad.....	4
4.5 Vilkår.....	5
4.6 Utbetaling	5
5 NMSK.....	5
5.1 Hovudutfordringa i skogbruket.....	5
5.2 Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.....	5
5.2.1 Skogkultur	5
5.2.2 Tilskot til vegbygging	6
5.2.3 Tilskot til drift i vanskeleg terreng	6
5.2.4 Tilskot til miljøtiltak i skog	6
5.2.5 Tilskot til andre tiltak i skog.....	6
5.3 Prioriteringar 2017-2019.....	6
6 Tiltak – tilskotsbehov (2017-2020).....	6
6.1 Søknadar og tildelingar fordelt på Årdal, Lærdal og Aurland 2013 - 2015.....	7
6.2 Trong for midlar til tilskot i perioden 2017 - 2020	7

1 Innleiing

Overordna retningslinjer for bruk av SMIL-midlar er fastsette i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket av 2004 sist endra 1.1.2017*. SMIL-tilskot skal bidra til gjennomføring av tiltak utover det som kan forventast som ein del av den vanlege jordbruksdrifta.

Kommunen skal ha ein eigen tiltaksstrategi som fortel korleis det skal prioriterast mellom dei ulike typane av tiltak lokalt. Tiltaksstrategien skal ikkje vera ein omfattande analyse, men kortfatta. Den skal skissera kva som er viktigast i våre kommunar ut i frå føremålet med tilskotsordninga. Felles Landbrukskontor ÅLA, har ansvar for handsaming av desse tilskotsordningane.

2 Prosess og lokal forankring

Tiltaksstrategien i Årdal, Lærdal og Aurland kommune vart fyrste gang vedteken i 2004. Ved revisjon av dokumentet 2008, 2012 og 2017, har næringsorganisasjonane i landbruket fått høve til å komma med innspel. Revidert tiltaksstrategi skal godkjennast i kommunestyret i kvar enkelt kommune. Tiltaksstrategiar 2017 – 2020 Årdal – Lærdal og Aurland er noko forenkla i høve til tidlegare tiltaksstrategi.

3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket i Årdal, Lærdal og Aurland

Landbruksaktivitet har vore ein viktig faktor i utforming av det landskapsbilete me har kring oss her i Sogn og Fjordane. No er landbruksdrifta er inne i ei omstillingstid, det er mindre beitedyr i utmarka, tungdrive areal vert gradvis helde i mindre hevd og skogen overtek etterkvart. Dette fører til at det landskapet som ein gang var ope og lyst, no held på å gro att. Kommunane Aurland og Lærdal er innskrive på UNESCO si verdsarvliste for natur- og kulturarv. I Årdal er det fleire område med vernestatus, som Utladalen landskapsverneområde og Jotunheimen nasjonalpark. Dette er eit bevis for at verdiane i landskapa våre er av høg verdi.

Felles for alle kommunane er at den viktigaste måten å ta vare på jordbrukslandskapet er med aktivt landbruk. Årdal, Lærdal og Aurland har eit mangfald i jordbruket sitt som syner eit unikt kulturlandskap. Ressursutnyttinga ut i frå naturgjevne tilhøve, som tun, slåttemark, beitemark, bakkemurar, steingardar, haustingstre og haustingskog. Strukturar og bygningar bygd opp kring utnytting av ressursane i utmark som steingardar mot utmark og kring stølsvollar, utmarksløer, stølsvegar og stølsmiljø.

Landskapet er eit fellesgode produsert av aktiv landbruksverksemd som almanheita kan gleda seg over.

3.1 Viktige utfordringar

- Erosjon og ureining
- Attgroing av både jordbrukslandskap og ferdselsvegar i utmark
- Kulturminne og verneverdige bygningar
- Forfalle areal med høgt biologisk mangfald
- Jordvern

3.2 Aktuelle tiltak

Typiske prosjekt som kan utløse SMIL-midler:

- Planlegging
- Hydrauliske tiltak
- Tiltak som hindra ureiningsfare
- Restaurering av areal/område med sårbare og truga naturtypar og verdfullt jordbrukslandskap
- Utvendig restaurering av verneverdige bygningar – ikkje freda bygningar
- Restaurering av ferdselsårer som td. bruer, sikringstiltak, opning etter attgroing

3.3 Mål og prioriteringar

Hovudmålsetjinga med SMIL midlane er å stimulere til redusering av ureininga frå landbruket, utnytting og ivaretaking av natur- og kulturminneverdiane i jordbrukslandskapet og i skogen.

Tiltak som skal prioriterast:

- Tiltak som er knytt til aktivt landbruk og der det ligg føre klare mål for å ivareta natur- og/eller kulturminneverdiar.
- Om bygningar (ikkje freda) eller prosjekt inngår i rapportar, verneområde, planar eller målsetjingar som er utarbeidd med formål for å ivareta natur- eller kulturverdiar.
- Tiltak som er til nytte for ålmenta - lokalisering av tiltaket.
- Ved restaureringsprosjekt skal det leggjast vekt på om restaureringa går ut over det ein kan rekne som naturleg vedlikehald av bygningsmasse eller kulturminne.
- Områder og tiltak som har høg natur- og kulturminneverdi

4 Kommunal sakshandsaming

4.1 Vedtaksmynde

Fullmak til handsaming er delegert til administrativ nivå i Lærdal og Aurland. I Årdal er det politisk handsaming i Formannskapet. Tiltaket skal ikkje vere påbegynt før søknad. Søknaden skal sendast kommunen på gjeldande søknadsskjema frå Landbruksdirektoratet.

4.2 Søknadsfrist

- 15. april

4.3 Tilskotsnivå

Tilgjengelege midlar det einskilde år i høve til innkomne søknadar vil vera avgjerande for støttenivå. Det kan ytast eingangstilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag.

4.4 Søknad

Søknadsskjema frå Landbruksdirektoratet med dokumentasjon skal sendast til kommunen.

- Kostnadsoverslag
- Kart merka med tiltak, kulturminne, viktige natur- og miljøkvalitetar og fare for erosjon
- Foto og/eller tekening av tenkt tiltak

- Avtale med grunneigar om tiltaket skjer på leigd areal og eller i sameiga
- Dokumentasjon på at søkjar eller grunneigar er søknadsberettiga produksjonstilskot – (søknadsberettiga produksjonstilskot = det må ligga føre gjødselplan, sprøytejournal og kart over alt eigd og leigd jordbruksareal som føretaket til kvar ein tid disponerar)

Rettleiande satsar for eigeninssats kan følgjande satsar nyttast:

- Planlegging av tiltak kr 150 pr/t
- Manuell utført eige arbeid kr 200 pr/t
- Bruk av motorsag og ryddesag kr 300 pr/t
- Bruk av traktor kr 400 pr/t
- Bruk av gravemaskin tom. 4 tonn kr 400 pr/t
- Bruk av gravemaskin over 4 tonn kr 800 pr/t
- Ved istandsettjing av gamle jordbrukslandskap vert det sett ei ramme på 1000, 2000 eller 3000 kr per daa. Tiltaket vert vurdert etter om prosjektet vert rekna som **lett**, **middels** eller **særs arbeidskrevjande**. Vurdering vert bestemt ved synfaring.

4.5 Vilkår

Kommunen set vilkår for kvar enkelt tiltak for å sikre at tiltaket vert gjennomført forsvarleg etter lover og forskrift, og at det vert sikra framhald av skjøtsel og vedlikehald av tiltaket framover i tid.

4.6 Utbetaling

Før kommunen kan tilvise utbetaling av løyvd tilskot må det liggje føre skriftleg oppmoding på skjema om utbetaling frå søkjar. Ved behov skal kommunen synfare tiltaket for ferdiggodkjenning. Delar av tilskot til prosjekt kan utbetalast undervegs, men minst 25 % av tilskotet skal haldast att til arbeidet er fullført og det ligg føre sluttrapport med rekneskap.

5 NMSK

Midlane til skogbruksformål vert regulert gjennom eiga forskrift - Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (sist endra 28.5.2015) og Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringe (sist endra 3.9.2014)– begge vart fastsett 4.2.2004. Kommunane står fritt i si organisering av arbeidet med forvaltning av denne disposisjonsramma.

5.1 Hovudutfordringa i skogbruket

I Årdal, Lærdal og Aurland er det naturleg lauvskog, naturleg furuskog og granskog etter skogreisinga. Granskogen er for det meste framleis ikkje hogstmoden.

5.2 Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

I høve dei nedanfor nemnde tilskotskategoriar vil nærings- og sysselsettjingsseffekten også være viktige prioriteringskriteria.

5.2.1 Skogkultur

Skogkulturmidlane kan nyttast til rydding i etablert ungsog og kvalitetsfremjande tiltak. Kommunen har høve til å yte tilskot til planting av skog. Ev. tilskot til skogkultur bør prioriterast etter økonomisk verdi og produksjonsevne.

5.2.2 Tilskot til vegbygging

Midlane kan nyttast til skogvegbygging i område med hogstklasse IV (eldre produksjonsskog) og hogstklasse V (hogstmoden skog). Ved prioritering skal det leggjast vekt på driftsøkonomien og gode heilskaplege løysingar (gjerne fellestiltak). Det er Fylkesmannen som løyver midlar til skogsvegar men kommunen som førebur saken og sender over søknad om tilskot.

5.2.3 Tilskot til drift i vanskeleg terreng

På grunn av auka kostnader med slike drifter kan Fylkesmannen gje eit driftstilskot for hogst av gran, furu og bjørk. Det er krav om at skogen er i hogstklasse V og at drifta skjer med taubane. For at søker skal kunne få løyving før drifta startar (vere sikker på å få tilskot) må underskriven søknad om tilskot vere motteken av Fylkesmannen minst 6 veker før planlagt oppstart av drifta. Det er kommunen som førebur saken og sender over søknad om tilskot.

5.2.4 Tilskot til miljøtiltak i skog

Ordninga gjeld tilskot til å ta vare på areal der det er utført "Miljøregistreringar i Skog (MiS-areal)". I skrivande stund er denne arealkategorien ikkje aktuelt i Årdal, Lærdal og Aurland. Miljøverdiar som er registrert på anna måte må ev. godkjennast av Fylkesmannen.

5.2.5 Tilskot til andre tiltak i skog

Ordninga omfattar t.d. tilskot til prosjekt som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen.

5.3 Prioriteringar 2017-2019

- Tilskot til planting etter hogst
- Tilskot til suppleringsplanting
- Kultivering av lauvskog på typiske lauvskogfelt i lågare høgdslag
- Etterarbeid i plantefelta; mekanisk etterarbeid, avstandsregulering og stammekvisting
- Markriving på furumark

6 Tiltak – tilskotsbehov (2017-2020)

Årdal, Lærdal og Aurland har mange verdfulle områder, med både lokal, nasjonal og internasjonal verdi, innanfor temaet natur- og kulturminne. Det er krevjande å ta vare på og vidareutvikla desse kvalitetane. Så langt har SMIL-midlane vore viktige for å utvikla, restaurera og skjøtta mange verdfulle område og bygningar. Noko som er positivt både for lokalbefolkninga, tilreisande, grunneigarane og ikkje minst for verdiane som vert teke vare på.

6.1 Søknadar og tildelingar fordelt på Årdal, Lærdal og Aurland 2013 - 2015

2013 - 2015	Årdal	Lærdal	Aurland	Sum
Tal søknadar total	10	48	71	129
Søknadssum totalt	784958	2 338345	2 820369	5 943672
Tal innvilga søknader	10	44	67	121
Søknadssum innvilga søknader	784958	2 073440	2 483767	5 342165
Løyvd tilskot	320000	896500	1 111750	2 328250

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

6.2 Trong for midlar til tilskot i perioden 2017 - 2020

Kommune	2017	2018	2019	2020
Årdal	300 000	300 000	400 000	400 000
Lærdal	700 000	700 000	750 000	750 000
Aurland	800 000	800 000	900 000	900 000
Drenering ÅLA	150 000	150 000	200 000	200 000



Døme på forskjellige aktuelle SMIL prosjekt i Årdal, Lærdal og Aurland.